

nordmennerne likare i denne vegen. Dei høgre skularne som no snart kom i gang, hjelpte godt til. Eit dome paa dette er skulen i Stavanger; han vart uppatt-nya i luthersk aand av ein sjælending *Jakob Madsson*, som bispen Jon Guttormsson — norsk av ætt, men dansk i sinn —, kalla inn fraa Bergen umkr. 1555. Fraa denne danske skulen gjekk daa det nye lutherske presteskap ut i Stavanger bispedøme, og paa denne skulen hev etter alt likjende ogso *Peder Claussøn* gjenge og lært skriva dansk. Han kom til aa skriva so mykje at sume hev kalla honom far til den norsk-danske bokavlen. Ogso han blandar dansken sterkt upp, og veit godt skilnaden paa norsk og dansk naar han t. d. skriv: »*Egern kaldis paa Norsche Ickorn.*» »*Lossen kaldis paa Norsche een Gaube*» o. s. fr. Men det *mynstret* som Peder Claussøn og dei andre bokskrivarar med honom fylgde og prøvde aa naa, var *r e i n d a n s k*.

I fyrstningi av dette tidebilet bruka dei enno den gamle norske logboki Magnus Lagabøter gav ut. Men det vart alltid fleire og fleire embætsmenner som ikkje skyna gamalnorsken, og Kristian den 4de let difor umsetja logi paa dansk, og gav henne ut med nokre tillegg og rettarbøter i 1604. Dermed var *dansk* innford baade i *kyrkja* og *skule* og *rettsal*.*)

Dei faa bøkene som i dette bilet vart skrivne i Norig, er daa sjølvsagt paa dansk maal. Me

*) Den lærde verdi ute i Europa hadde enno i denne tidi greida paa at der var eit norsk maal. Det ser me av ei bok (paa latin) som Joseph Justus Scaliger gav ut i Paris 1610, der han set upp tri nordiske maal, derimillom det som *nordmennerne* tala; og fraa dette maal, segjer han, er islandsken komen, som nordmennerne soleis skynar, liksom tyskarne skynar hollandsk.